

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Ungdomsrådet		
Råd for personar med funksjonsnedsetjing		
Levekårsutvalet		

Evaluering av alternative opplæringsarena i skulen

Kort om saka

Saka gjeld evaluering av alternative opplæringsarena i skulane i Øygarden kommune, og er ein oppfølging av sak 062/24 kor kommunestyret fatta følgande vedtak:

Omfanget av kjøp av alternative opplæringstilbod vert vidareført på dagens nivå.

- 1. Skulane vert stimulert til å utvikle ein meir praktisk og variert organisering og undervisning i samsvar med nasjonale føringar.*
- 2. Det vert teke initiativ til eit samarbeid med eksternt fagmiljø (HVL) om ei evaluering av den alternative opplæringa. Resultat av evalueringa vert lagt fram for LKU.*
- 3. For elevar som har delteke på alternative opplæringsarena bør det leggjast til rette for tettare samarbeid med fylkeskommunen for å sikre god overgang mellom ungdomsskule og vidaregåande skule.*
- 4. Det vert arbeidd ytterlegare med å leggja til rette for at elevar i 9.-10. klasse kan få utplassering i bedrifter som alternativ undervisning*

Saka er ein oppfølging av vedtakspunkt 2 og evalueringa vert difor lagt fram til Levekårsutvalet for behandling.

Alternativ opplæringsarena er eit tilbod for elevar på mellom - og ungdomstrinnet i skulane i Øygarden kommune. Elevar som søker har ulike utfordringar som til dømes åtferdsutfordringar, psykiske vanskar, store lærevanskar, skulevegring, fysisk og psykisk utviklingshemming. Det er mogeleg å søkje anten gruppeplass eller 1:1 plass.

Undervisninga på dei alternative opplæringsarena er i dag for elevar med sakkunnig uttale og krav til Individuelt tilrettelagt undervisning (ITO). Det vert då følgeleg redusert tilskot for ITO til skulen for dei elevar som får plass på dei godkjente alternative arenaer.

Øygarden kommune har avtale med tre tilbydarar. Dette er:

- Ulveset-tunet – 3 elevar med 1:1 plass
- Leitet gard – 9 elevar i grupper
- Trivsel, aktivitet og meistring – TAM - 8 elevar i gruppe og 2 elevar 1:1 plass.

Til saman er det 22 elevar som i skuleåret 2026/27 har plass på ein av dei alternative opplæringsarenaene i kommunen vår.

Forskarar frå Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra forska på dei alternative opplæringsarenaene i skulen i Øygarden kommune. Det er gjort intervju med elevar og med tilsette. Ein har òg sett på korleis det går med elevar som tidlegare har vore på ein av dei alternative opplæringsarenaene, kva vidaregåande opplæring dei har valt og korleis det elles går med dei elles i livet. Det er skriva både masteroppgåver og vitenskaplege artiklar der forskingsresultat frå mellom anna dei alternative opplæringsarenaene i vår kommune er publisert.

Eit av momenta som desse forskarane utdjupar, er å tenke annleis når det gjeld forståinga av samanhengen er mellom alternativ opplæringsarena og den ordinære opplæringa. Solveig Jobst, professor ved Høgskulen på Vestlandet, seier dette: *«Alternativ opplæringsarena er ikkje berre ein kompensasjon for ikkje å lukkast i den ordinære skulen. Alternativ opplæringsarena må forståast som ei integrert del av skulesystemet, som ein del av det ordinære som bidrar til å forandre skulen til det betre».*

Denne saka gjeld evaluering av dei alternative opplæringsarenaene. Saksframlegget vil vurdere i kva grad tilboda på dei alternative opplæringsarenaene bør førast vidare i den storleik og form dei har.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre dei eksterne alternative opplæringsarenaene på om lag same nivå og med same hovudinnretning som i dag. Eventuelle endringar i tilbodet skal vurderast og innarbeidast i dei årlege budsjett- og økonomiplanprosessane.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren vidareføre samarbeidet med UiB og HVL om forskning og kunnskapsutvikling knytt til alternative opplæringsarenaer.
3. Evalueringa som er gjort dannar grunnlag for vidare utvikling av dei alternative opplæringsarenaene.

Saksopplysningar

Innhaldet på dei alternative opplæringsarenaene og Læreplanverket:

Gardane Leitet gard og Ulveset-tunet

For elevar med enten kognitive eller faglege utfordringar og/eller til dømes sosial angst, kan kontakten med dyr vere ein fristad. Elevane får her ei anna rolle enn elles når dei i møte med dyra blir akseptert som den leiande og den som må gje omsorg. Gardane med dyrehold har på den måten ei viktig rolla i skulekvardagen for mange av desse elevane. Elevane brukar skulefag som ein integrert del av i dei daglege arbeidsoppgåvene på garden. Dette inkluderer føring, rekning, veging, skiving av rapportar etc.

TAM – trivsel, aktivitet og meistring

Rydding av skjergarden i Øygarden og ei bevisstgjerung omkring kystlandskapetets verdiar, er noko av det viktige innhaldet i opplegget som TAM tilbyr. På TAM får elevane verdifull øving i det å vere saman med andre og det å tole at ting ikkje alltid blir som planlagt. Til dømes kan ein ikkje ta ut i båt, om været slår om og hindrar dette. Vente på tur og la andre sleppe til er viktig lærdom elevane får på TAM i tillegg til det å snakke ut når usemje oppstår og akseptere at det ulike syn på ei sak.

Læreplanverket som skulen styrer etter, er delt inn i ein overordna del, fag- og timefordeling for fag og læreplanar i dei ulike faga. Vi finn mange haldepunkt for at innhaldet på våre alternative opplæringsarenaene følgjers intensjonane og føringane i Læreplanverket. Frå den overordna delen:

Mennesket er en del av naturen og har ansvar for å forvalte den på en forsvarlig måte. Gjennom opplæringen skal elevene få kunnskap om og utvikle respekt for naturen. De skal få oppleve naturen og se den som en kilde til nytte, glede, helse og læring. Elevene skal utvikle bevissthet om hvordan menneskets leveste påvirker naturen og klimaet, og dermed også våre samfunn. Skolen skal bidra til at elevene utvikler vilje til å ta vare på miljøet.

Både på dei to gardane våre og på TAM er ansvar og forvaltning, glede og respekt for naturen rundt oss, viktige element i det elevane får opplæring i.

Frå det tverrfaglege temaet «Folkehelse og livsmeistring» finn vi dette som på alle tre alternative opplæringsarenaene våre er grunnleggande i opplæringa som blir gitt:

I barne- og ungdomsårene er utvikling av et positivt selvilde og en trygg identitet særlig avgjørende. Livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og kunne påvirke faktorer som har betydning for meistring av eget liv. Temaet skal bidra til at elevene lærer å håndtere medgang og motgang, og personlige og praktiske utfordringer på best mulig måte.

Frå fagplanen i naturfag- fagets relevans og verdiar, kan vi lese dette som våre tre alternative opplæringsarenaer alle gjev opplæring i:

Naturfag skal bidra til undring, nysgjerrighet, skaperglede, engasjement og nytenkning hos elevene ved at de får arbeide praktisk og utforskende med faget. Elevene skal få innsikt i hvordan menneskets leveste og handlinger påvirker livet på jorda. Naturen har en egenverdi som er uavhengig av menneskers bruk og påvirkning, og naturfaglig kunnskap kan bidra til at den forvaltes på en forsvarlig måte.

Effekten av opplæring på ein alternativ opplæringsarena

På kort sikt veit vi at alternativ opplæringsarenaer har gjort det mogleg for elevar å oppleve livsutfolding, læring og meistring, kanskje etter tyngre dagar på skulen og i livet elles.

På lang sikt kan tilbod på alternative opplæringsarenaer påverke skulegangen og gjere det mogleg for elevane å gjennomføre utdanning eller alternative utdanningsløp. Det kan bidra til å hindre fråfall frå vidaregåande og gje moglegheiter for arbeid seinare i livet. Å vere i utdanning og/eller arbeid er viktig for god helse og livskvalitet.

Studiar (Tokheim, Jobst et.al (2024) i Zijdeman 2026) har undersøkt korleis elevar med risiko for fråfall gjennom deltaking på alternative opplæringsarenaer kan få det som blir kalla auka *agency* eller handlekraft. Funna viser at alternative opplæringsarena fremmer utvikling av *agency* fordi det er tettare oppfølging, nærare relasjonar mellom elevar og vaksne og meir praktiske aktivitetar.

Eit omgrep som blir nytta i studia til Tokheim og Jobst er «positiv diskriminering». «*Positiv diskriminering forstås som brede og varige tiltak som skal motvirke utdanningsulikhet*» (Dyngeland et.al 2025 i Zijdeman 2026). Ein finn at tryggleik, meistring og større grad av det å påverke eigen dag er sentralt og kan bidra til å utvikle ferdigheiter som elevane tek med seg vidare i skuleløpet.

I Øygarden kan vi vise til døme på at tilbodet på alternativ opplæringsarena har vore med å bidra til at elevar meistarar vidaregåande opplæring, og seinare jobb. Vi har fleire døme på at TAM - elevar går vidare på fiske og fangst i Austevoll, og gardselevar søkjer seg gjerne vidare til Stend på naturbruk. Mange elevar har fått opplevd heilt nødvendig meistring og ikkje minst fått tru på seg sjølv og si eiga framtid.

Alternativ opplæringsarena og tida som ligg framfor oss

Det er ei styrke for grunnskulen i Øygarden kommune at vi har eit tilbod til elevar som av ulike årsaker treng opplæring som er ein annan stad enn i eit klasserom. Vi ser av forskning som er gjort, men og våre egne erfaringar, at dette tilbodet på kort sikt kan vere det som gjer det mogeleg for sårbare elevar å gjennomføre ein skuledag og ei skuleveke. På lengre sikt veit vi noko, men vi ønskjer å vite meir og treng då halde kontakt med forskingsmiljø på UIB og HVL for å få meir informasjon om korleis det går med ungdommane seinare i livet.

I skuleåret 2026/27 har 22 elevar plass på ein av dei alternative opplæringsarenaene. Talet på plassar fyller ikkje behovet for plassar, og det er per i dag ventelister for å få plass på desse tilboda.

Anette Martine Zijdeman som har skrive masteroppgåva «*Jeg tror det blir en redningsplanke i en skolehverdag som til slutt blir uhåndterlig*» (juni 2026) og i samband med den har intervjuar tilsette og leiing i skulen, på alternativ opplæringsarena, PPT og kommunal rådgjevar, viser til eit potensiale når det gjeld samarbeidet mellom skule og dei alternative opplæringsarenaene. Vi treng å bli betre på å sikre god informasjonsflyt slik at overføringsverdien frå det som fungerer på alternative arena i større grad kan betre elevens situasjon på skulen.

Drøftinga av korleis vi forstår samanhengen er mellom alternativ opplæringsarena og den ordinære opplæringa, at vi må forstå alternativ opplæringsarena som ein integrert del av den ordinære opplæring for dei elevane som treng det, denne drøftinga ønskjer vi å ta vidare. Og i samband med det, skal vi kanskje ikkje kalle det for «alternativ opplæringsarena», men heller «ekstern opplæringsarena».

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Saka er særleg relevant for mål i samfunnsdelen som handlar om:

- Inkluderande oppvekst
- Førebygging av utanforskap
- Gjennomføring av utdanning
- Kunnskapsbasert utvikling av tenester
- Bruk av lokale ressursar i opplæringa.

Konsekvensar for folkehelse

Alternativ opplæringsarena legg til rette for meistring, tryggleik og sosial deltaking for elevar med samansette behov. Å vere saman med andre i aktivitetar der eleven kjenner meistring og inkludering, det er viktig for den mentale helsa til elevane. Bruk av natur og nærmiljø og fysisk aktivitet, slik det er på våre alternative opplæringsarenaer, er viktig for folkehelsa. På lengre sikt kan tiltaket bidra til gjennomføring av utdanning og deltaking i arbeid, noko som er sentralt for god helse, livsmeistring og livskvalitet.

Økonomiske konsekvensar

Øygarden kommune bruker i dag om lag 2,5 millionar kroner årleg til alternative opplæringsarenaer for dei som har store utfordringar med å klare å nyttiggjere seg tilbodet som skulane kan gje. Ei utviding med om lag ti nye gruppeplassar er vurdert å kunne auke årskostnaden til om lag 3,5 millionar kroner.

Tiltaket representerer ein direkte kostnad for kommunen. Samstundes kan førebygging av fråfall frå utdanning og utanforskap gi positive samfunnsøkonomiske effektar over tid. Det er likevel vanskeleg å fastslå i kva grad desse effektane kan tilskrivast dei alternative opplæringsarenaene isolert sett. Kommunedirektøren legg difor hovudvekt på dokumenterte effektar knytte til deltaking, meistring og skulegjennomføring.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at alternative opplæringsarenaer er eit viktig supplement til den ordinære opplæringa i kommunen. Tilbodet møter behov hos elevar som i varierende grad har utfordringar med å nyttiggjere seg opplæring innanfor dei ordinære rammene.

Evalueringa viser at tilboda bidreg til deltaking, meistring og tett oppfølging for elevar med samansette behov. Erfaringane frå kommunen samsvarer med funn frå forskning og fagmiljø som har studert tilsvarende tiltak.

Kommunedirektøren vurderer vidare at det er behov for å vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og dei eksterne opplæringsarenaene. Målet er å sikre betre informasjonsflyt, tettare samordning og større overføringsverdi mellom læringsmiljøa.

Etterspurnaden etter plassar er større enn kapasiteten kommunen har i dag. Kommunedirektøren vurderer difor at dagens omfang minimum bør vidareførast. Eventuelle utvidingar må vurderast gjennom ordinære budsjett- og økonomiplanar.

På bakgrunn av evalueringa tilrår kommunedirektøren at tilbodet vert vidareført og vidareutvikla som ein integrert del av kommunen sitt samla opplæringstilbod.